

**FORELDREBETALING – BARNEHAGANE – FRÅ AUGUST 2023**

Antal dagar	5 dagar	4 dagar	3 dagar
Opphald	kr. 3.300	kr. 2.822	kr. 2.330
Matpengar	kr. 360	kr. 290	kr. 215

Makspris fastsett av Stortinget, er kr. 33.000 pr. år. Dette er i Klepp kommune fordelt på betaling i 10 månader, slik at juli og august vert betalingsfrie månader.

Søskenmoderasjon

Familiar med meir enn eitt barn i barnehage, skal ha reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld sjølv om barna går i ulike barnehagar. Reduksjonen for det andre barnet er 30 prosent, for det tredje barnet og eventuelt fleire barn, er plassen gratis frå august 2023. Søsken må vera folkeregistrert på same adresse. Ein treng ikkje søka om søskenmoderasjon.

Redusert foreldrebetaling

Foreldre skal ikkje betala meir enn maksprisen for ein barnehageplass, og maks 6 % av husstanden si samla inntekt. Husstandar med samla årleg inntekt mindre enn **kr. 550.000,-** har rett til redusert foreldrebetaling. Søknaden gjeld for eit barnehageår, og det må søkast på nytt kvart år. Det gjeld både kommunale og private barnehagar.

Gratis kjernetid

Barn født i 2018-2021, og barn med utsett skulestart som bor i ein husstand med inntekt under **kr. 615.590,-** har rett til 20 timar gratis opphald pr.veke.

Korleis får du lågare foreldrebetaling:

For å få innvilga redusert foreldrebetaling for barnehageåret 2023/2024 må det sendast inn søknad om redusert foreldrebetaling. Skjema finn du på Klepp kommune si heimeside.


Dokumentasjon:

Skatteoppgjeret for 2022 vil automatisk bli henta inn av Klepp kommune. Dersom inntekta er vesentleg redusert i forhold til skatteoppgjeret i 2022, må det i tillegg leggjast ved dokumentasjon som bekrefter dette.

Søknadsfrist:

For å få redusert foreldrebetaling f.o.m. nytt barnehageår, må ein søke tidligast **1. juni og innan 10. august.**

Dersom ein søker om redusert foreldrebetaling i løpet av barnehageåret, vil ein som hovudregel kun få redusert foreldrebetaling for etterfølgande månader.

**Med blikk for alle**